



Arkivnr: 2015/632-69
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

Saksframlegg

Saksgang

| Utval | Saknr. | Møtedato |
|-------------|--------|------------|
| Klagenemnda | | 01.12.2015 |

Klagesak

Klage på avslag om avkøyrslø og dispensasjon frå byggegrense frå Fv. 554 - Gnr. 193 Bnr. 33 - Nedre Sæbø, Kvinnherad kommune.

Samandrag

Statens vegvesen Region vest har den 08.04.2015 motteke klage frå Jarle Landa på vedtak av 24.02.15, avslag på søknad om avkøyrslø og dispensasjon frå byggegrense, frå Fv. 554 Gnr. 193 Bnr. 33, Nedre Sæbø i Kvinnherad kommune. Det er søkt om avkøyrslø for tilkomst og bruksendring til bustad og påbygg til bustad. Det er og søkt om dispensasjon frå byggegrense. Eigedomen er idag ein næringseigedom (butikk). Tiltakshavar er Jarle Landa. Han ynskjer bruksendring til bustadforemål.

Eksisterande avkøyrslø tilfredsstillar ikkje dagens krav til avkøyrslø.

Statens vegvesen Region vest har vurdert klaga som underinstans og har funne å oppretthalde sitt vedtak i saka.

Fylkesrådmannen har vurdert klaga og rår til at klagen frå Jarle Landa over Statens vegvesen Region vest sitt vedtak av 24.02.2015 om å avslå søknad om avkøyrslø og dispensasjon frå byggegrense frå Fv. 554 Gnr. 193 og Bnr. 33, Nedre Sæbø, Kvinnherad kommune, ikkje vert teken til følgje.

Forslag til vedtak

Klage frå Jarle Landa over Statens vegvesen Region vest sitt vedtak av 24.02.2015 om å avslå søknad om avkøyrslø og dispensasjon frå byggegrense Fv. 554, Gnr. 193 Bnr. 33, Nedre Sæbø, Kvinnherad kommune, vert ikkje teken til følgje.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

1. Tiltakshavar, Jarle Landa, søknad om avkøyrse og dispensasjon frå byggegrense, Nedre Sæbø 8, Gnr. 193 Bnr. 33, Kvinnherad kommune, av 20.02.2015.
2. Statens vegvesen Region vest, avslag på søknad om avkøyrse og dispensasjon frå byggegrense, Fv 554, Gnr. 193 Bnr. 33, Kvinnherad kommune, av 24.02.15.
3. Tiltakshavar, Jarle Landa, e-mail angående avslag på søknad om avkøyrse og dispensasjon frå byggegrense m/skisse, 27.02.2015.
4. Tiltakshavar, Jarle Landa, e-mail, forslag til parkering m/skisse og to bilete, 02.03.15.
5. Statens vegvesen Region vest, e-mail, svar på forslag til parkering, 04.03.2015.
6. Statens vegvesen Region vest, orientering om saksgang i høve avkøyrse og dispensasjon frå byggegrense, 04.03.2015.
7. Tiltakshavar, Jarle Landa, E-mail, ber om utsetjing av klagefrist ei veke, 06.03.2015.
8. Statens vegvesen Region vest, E-mail, utsetjing av klagefrist innvilga, 06.03.2015.
9. Tiltakshavar, Jarle Landa, klage på avslag, avkøyrse og dispensasjon frå byggegrense, fv 554, gnr. 193 bnr. 33, Nedre Sæbø, Kvinnherad kommune.
10. Statens vegvesen Region vest, oversendelsesskriv – opprettheld avslag på søknad om avkøyrse og dispensasjon frå byggegrense, 17.07.2015.
11. Hordaland fylkeskommune, 3 stk. kart av omsøkte avkøyrse
12. Hordaland fylkeskommune, 3 stk. bilete av omsøkte avkøyrse
13. Forskrift til veglova § 43, Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg.

Fylkesrådmannen, 04.11.2015**Bakgrunn for saka:**

Statens vegvesen har den 20.02.15 motteke søknad om avkøyrsl for tilkomst og bruksendring av eksisterande bygg til bustad og påbygg. (Vedlegg 1) Bygget er idag eit forretningslokale/butikk. Det vert søkt om bruksendring til bustadføremaal, ein eller to leiligheitar. Det vert og søkt om å bygge på ein etasje. Det er ikkje planlagt ein ny avkøyrsl, men tiltakshavar ynskjer at eksisterande avkøyrsl skal kunne tilpassas dagens krav. De vert vist til at å bruke bygningen som bustad vil gi mindre trafikk til å frå eigedomen enn om den vert brukt til butikk.

Det vart og søkt om dispensasjon frå byggegrense langs fylkesvegen. Omsøkte bygg har ein avstand på 9 meter til midte i fylkesveg 554.

Fartsgrensa er 30 km/t på fylkesveg 554 som går forbi eigedomen. Det er fartsdumper like ved eigedomen. Langs fylkesvegen er det overkøyrbart gang/sykkelfelt, markert med stipla kvit linje. Årsdøgertrafikk vart i 2013 fastsett til 1800.

Kommunen sin arealplan:

Her opplyser Statens vegvesen Region vest at:

«Eigedomen gnr. 193 Bnr. 33 ligg like utanfor reguleringsplanen for Sæbøvik og mellom reguleringsplanen for utvida fylkesveg (vedteken i 2005). Reguleringsplanen for fylkesvegen gjer også inngrep i det som idag er brukt til parkering. Eigedomen er såleis inneklemt mellom to reguleringsplanar, og ingen av dei har vist løysing med omsyn til avkøyrsl.»

Rammeplan:

Fv. 554, er i «Rammeplan for avkøyrsl og byggegrenser på riks- og fylkesvegar i Region vest» vist som haldningsklasse 2 (gul), dette er den nest strengaste haldningsklassen. Det går fram at: «Godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrsl bør avgrensast. Godkjenning kan vurderast der avkøyrsl blir nytta av fleire.» Det går fram at byggegrense for denne haldningsklassen er satt til 50 meter frå vegmidte til næraste bygningssdel.

Statens vegvesen Region vest fatta den 24.02.2015 avslag på søknad om avkøyrsl og dispensasjon frå byggegrense, med heimel i veglovas §§ 40-43. (Vedlegg 2)

Tiltakshavar sendte den 27.02.2015 ein e-mail til Statens vegvesen angående avslaget. Han skriv at eigedomen har pr. idag eksisterande avkøyrsl som må nyttast, søknaden gjaldt ikkje utvida bruk men ein bruksendring som fører til mindre trafikk. Han ser for seg 2 til 3 parkeringsplassar på eigedomen. Han opplyser at han vil klaga på vedtaket, men ynskjer å diskutere saka først. (Vedlegg 3)

Den 02.03.2015 sendte tiltakshavar ein ny e-mail til Statens vegvesen der han viser til samtale same dag og legg ved forslag til parkering på eigedomen. (Vedlegg 4)

Statens vegvesen sendte den 04.03.2015 e-mail til tiltakshavar med svar på forslag til parkering. Vegvesenet kan ikkje sjå at deira krav er oppfylte. Det vert vist til retten til å klaga på vedtak av 24.02.2015. (Vedlegg 5)

Den 04.03.2015 sendte Statens vegvesen orientering om saksgang i høve til avkøyrsl og dispensasjon frå byggegrense. Det vart vist til telefonsamtaler same dag. (Vedlegg 6)

Tiltakshavar bad i e-mail av 06.03.2015 om at klagefristen vart forlenga, foreløpig til synfaring den 26.03.2015 var gjort. (Vedlegg 7) Statens vegvesen stadfestar at klagefristen er forlenga. (Vedlegg 8)

Tiltakshavar klaga på vedtaket i skriv av 31.03.2015. (Vedlegg 9)

Eksisterande avkjørsle tilfredsstillar ikkje dagens krav til avkjørsle. Når Statens vegvesen skal vurdere søknader om avkjørsler, vert avkjørsla sin svingradius, friskt og stigning vurdert. Det skal og vera snuareal på eigen eigedom, slik at ein bil ikkje skal rygge inn eller ut på fylkesvegen.

Rettsleg grunnlag:

Det går fram av veglova § 1 a at:

«Formålet med denne lova er å tryggje planlegging, bygging, vedlikehald og drift av offentlege og private vegar, slik at trafikken på dei kan gå på eit vis som trafikantane og samfunnet til ei kvar tid kan vere tente med. Det er ei overordna målsetting for vegstyresmaktene å skape størst mogeleg trygg og god avvikling av trafikken og ta omsyn til grannane, eit godt miljø og andre samfunnsinteresser elles.»

Det går fram av veglova § 40:

«Avkjørsle frå offentlig veg må berre byggast eller nyttast etter reguleringsplan eller arealdel av kommuneplan etter plan- og bygningsloven. Ligg det ikkje føre nokon reguleringsplan som nemnd, eller planen ikkje omfattar avkjørsle må avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå regionvegkontoret og avkjørsle frå kommunal veg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå kommunen. Regionvegkontoret kan krevje at avkjørsle frå riksveg eller fylkesveg skal byggast etter ein plan det godkjenner. Kommunen kan krevje at avkjørsle frå kommunal veg skal byggast etter ein plan den godkjenner. Er arbeidet med avkjørsle ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyve er gitt, fell løyvet bort.»

Rammeplan for avkjørsler og byggegrenser på riks- og fylkesvegar er eit ikkje juridisk bindande dokument, men skal gje føringar for kva haldning som skal leggjast til grunn ved handsaming av avkjørsle- og byggegrensesaker. Eit viktig prinsipp er at teknisk utforming av avkjørsler skal vera i samsvar med Vegvesenets handbøker N100 og V121. Rammeplanen er vedteken av Hordaland fylkeskommune i 2013.

Grunnvilkåret for å gje dispensasjon er at omsynet bak bestemmelsen som det vert dispensert frå ikkje vert vesentleg tilsidesett. I tillegg skal det foretas en interesseavveining, der fordelane ved tiltaket må vurderast opp mot ulempene av tiltaket. Etter plan- og bygningslova § 19-2 2. ledd må det vera ein klar overvekt av omsyn som taler for dispensasjon.

Klagen:

Tiltakshavar, Jarle Landa, har den 31.03.15 sett fram klage på avslag av 24.02.15. Tiltakshavar skriv mellom anna:

«Viser til avslag på søknad om omdisponering av avkjørsle og dispensasjon frå byggegrense mottatt 26.02.2015. Vil med dette klage på vedtak om avslag. Eg meiner avslaget ikkje er basert på reelle fakta. Det er ikkje tatt omsyn til dagens situasjon og det er ikkje gjort noko vurdering på kva ei slik omdisponering vil seia for trafikken til og frå eigedomen i forhold til dagens bruk. Det var heller ikkje halde noko synfaring før avslag vart sendt frå Statens vegvesen. I ettertid har det vært synfaring. Det var eit ønske frå meg etter å ha rådført meg med tidlegare saksbehandlar frå førre søknad. Har elles ikkje motteke noko merknader eller forslag til kva som må til for å få ei løysing for å tilpassa dagens avkjørsel. Vidare har eg fylgjande merknader til avslaget.»

Tiltakshavar har deretter 7 punkter som merknader til avslaget.

1. Tiltakshavar hevder at Statens vegvesen samanliknar tiltakshavars søknad med eit tidlegare avslag. Tiltakshavar presiserer at dette er ei ny søknad, og ikkje må samanliknast med den andre søknaden.

2. Han skriv at det frå den førre saksbehandlar frå Statens vegvesen vart sagt at det ikkje ville vere noko problem å få godkjent omdisponering frå forretning til bustadføremål (1 bustadeining).
3. Tiltakshavar meiner at det ikkje har vore synfaring eller kontakt med han under behandlinga av søknaden.
4. Det vart halde synfaring den 26.03.2015, etter at vedtak om avslag var fatta. Det vert hevda at det under synfaringa berre vart vist til reguleringsplanen for utviding av fylkesvegen og ikkje til grensemerke. Samt at det frå Statens vegvesen ikkje vart føreslått eller forsøkt å få til noko løysing.
5. Naboeigedomer har i ettertid fått nye grensemerke og at desse er i samsvar med reguleringsplanen.
6. Tiltakshavar seier at det ikkje finnes alternativ til eksisterande avkjørsle. Dette er den einaste mogelege tilkomst til eksisterande bygning med kjøretøy. Det er plass til to bilar langs eksisterande bygning utan å rygge korkje inn eller ut på vegen for å parkera. Det vert og hevda at det er mogeleg å bygga garasje i ein del av det eksisterande bygget.
7. Det vert vist til forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg, forskrift av 16.07.64, til veglova § 43. Her vert det vist til punkt 4 i forskrifta, der det mellom anna går fram at: «Avkjørselen må byggast slik at det er god oversikt i vegkrysset og slik at den fører til minst mulig ulempe for trafikken på den offentlige veg». «Sirkelradien vert fastsettes av regionvegkontoret i det enkelte tilfelle idet det tas hensyn til bruken av avkjørselen og forholdene for øvrig. Radien skal normalt være minst 4 meter. Det vert deretter mellom anna vist til forskrifta punkt 7: «Under særlege forhold kan regionvegkontoret gjøre unntak fra reglene foran.»

Tiltakshavar har denne oppsummeringa av klagen:

«Det er særdeles uheldig at utfall av ein slik sak skal avhenga av kven som er saksbehandlar. Dette er med tanke på at førre sakabehandlar gir positiva signal til ei slik omdisponering, mens noverande saksbehandlar er av ei heilt anna oppfatning. Ein skulle tru at Statens vegvesen kunne sjå fordelene med omdisponeringa også med tanke på å få redusert den potensielle trafikken til og frå eigedomer. Og at Statens vegvesen setter grenser som er i konflikt med reguleringsplan slik som hevda er gjort på nabotomt verkar heller ikkje heilt rett. Avkjørsel i dette tilfellet er slik at ein ikkje treng rygge inn eller ut av veg i motsetning til andre avkjørsler som eksisterer langs same veg. Det er nå mogelegheit å tilpassa eksisterande avkjørsle enda meir slik at trafikk til og frå bygg blir avgrensa og parkering ut mot vegen blir avgrensa og parkering ut mot vegen blir avgrensa. Ber med dette omgjering av vedtak ved at Statens vegvesen gir godkjenning til å endra bruk av eksisterande bygning og avkjørsle frå næring til bustadføremål, eventuelt med nødvendige mogelege endringar/tilpassingar som må gjerast. Samtidig at det vert gitt dispensasjon frå byggegrense til å bygge på ein etasje slik at berre høgda blir endra. Byggets plassering og evt. påbygg er ikkje noko måte til hinder for sikta på vegen. Bygning ligg heller ikkje nærare vegen enn nabo hus som vart bygd i 2014.»

Statens vegvesen si vurdering:

Statens vegvesen Region vest legg i denne saka avgjerande vekt på at eksisterande avkjørsle ikkje tilfredsstillar dagens krav til avkjørsle og dei kan heller ikkje sjå at det er mogeleg å få dette til ut frå det som er beskrive i søknaden.

Statens vegvesen Region vest har gitt følgjande vurderingar til tiltakshavars merknader i klagen:

Til punkt 1: Statens vegvesen skriv at det er 2 ulike saker, men at ein ikkje kjem bort ifrå at dei kan samanliknast når det er same bygning som skal ha avkjørsle. Det er krav til at det skal vera godkjend avkjørsle, men dei er samde i at bustader ikkje generer så mykje trafikk som til ein butikk.

Til punkt 2: Statens vegvesen kan ikkje sjå at det ligg føre skriftleg dokumentasjon på at det av førre saksbehandlar i vegvesenet var blitt sagt at det ikkje ville verta noko problem å få omdisponert frå forretning til bustadføremål.

Til punkt 3: Til påstand om at det ikkje har vore synfaring eller kontakt med tiltakshavar under handsaminga av saka, seier sakshandsamar i vegvesenet at han er godt kjend på staden og kjenner godt til trafikkforholda. Han var og sakshandsamar ved riving og bygging av nytt bustadhus på naboeigedomen.

Til punkt 4: Vegvesenet viser til at reguleringsplanen for utviding av fylkesvegen har juridisk bindande føremålsgrænse som det vart vist til. Det er ikkje vist avkøyrsløse til denne eigedomen i planen, slik det er vist til andre eigedomar som har avkøyrsløse til fylkesvegen.

Til punkt 5: I samband med nytt bygg på naboeigedomen vart det sett opp ein tørrmur for å sikra fylkesvegen mot utgliding. Tørrmuren vart sett opp i reguleringsgrænse, men eigedomsforholda vart ikkje endra. Det nye grænsemerka var sett ned igjen i eksisterande grænse.

Til punkt 6: Statens vegvesen kan ikkje sjå at det er mogeleg å få til ei avkøyrsløse etter deira krav i handbøkene N100 og V121 til denne eigedomen. (Handbok N100 Veg- og gateutforming er heimla i veglova § 13. Denne gir generelle rammer for utforming og standard av offentlege vegar. Kravene i vegnormalen er minimumskrav og inneheld mellom anna krav til sikt i avkøyrsløse, svingradius, helling/stigning og drenering. Handbok V121 omhandlar geometrisk utforming av veg- og gatekryss.) Det vert sett krav til minimum 2 bilar pr. bueining, dvs 4 bilar. For å nytta eksisterande bygg til garasje må ein nesten nytta heile etasjen for å få dette til. Statens vegvesen har ikkje merknader til at bygget vert omdisponert til bustader under føresetnad av at det kan stillast tinglyste parkeringsplassar til disposisjon i nærleiken til eigedomen.

Til punkt 7: Statens vegvesen seier dei kan, som lovdata viser til, setja spesielle vilkår og gjera unntak frå reglane. I denne saka, hevder dei, at ein må ta omsyn til gjeldande reguleringsplan for fylkesvegen og det seier seg sjølv at det ikkje er mogeleg å få til tilfredsstillande avkøyrsløse på eigedomen. Dei viser til den same forskrifta § 6 der det går fram at: *«Dersom avkjørselen er adkomst til garasje, forretning eller driftsbygning eller regelmessig nyttes til bilkjøring, må det utenfor vegområdet innrettes snuplass slik at rygging ut på veggen unngås».*

Når det gjeld søknad om dispensasjon frå byggegrænse til tiltaket har Statens vegvesen Region vest vurdert det slik at dette kunne løysast under føresetnad at tiltaket følgjer opp krava i TEK 10. Bygget ville ikkje kome nærare fylkesvegen enn andre bygg i området. Men for at vegvesenet skal kunne gje løyve til bruksendring og påbygg må eit godkjent alternativ til adkomst og parkering ligga føre. Dei viser og til at det har vore stor auke i trafikken forbi det omsøkte området etter opning av Halsnøysambandet.

Statens vegvesen Region vest held fast ved sitt avslag av 24.02.15, avslag på søknad om avkøyrsløse og avslag på dispensasjon frå byggegrænse. Dei kan ikkje sjå at det er kome til nye moment i klagen som ville føre til endring av vedtaket.

Fylkesrådmannen si vurdering:

Statens vegvesen Region vest har vurdert søknaden og klagen med bakgrunn i mellom anna Veglova, Rammeplan for avkøyrsløse og byggegrænser på riks- og fylkesvegar i Region vest, kommunen sin arealplan og Statens Handbøker N100 og V121. Dei har ikkje funne grunn til å ta klagen til følge.

Fylkesveg 554 har ein ÅDT på den aktuelle staden som er berekna til 1800. (2013-tal). Fartsgrensa er 30 km/t sone med fartsdumper i strekninga forbi bygningen. Langs fylkesvegen er eit gang-/sykkelfelt, markert med stipla kvit linje, utan gjerde mellom bilvegen og sykkelfelt. Dette gjer at fylkesvegen kan verte vurdert som ein 1-feltsveg.

Ved handsaminga av denne klagesaka har ein frå administrasjonen vore på staden og vurdert avkøyrsløse den 06.11.2015. Ein kunne då sjå at Fylkesvegen var smal og sterkt trafikkert, med både bilar, syklistar og gåande. Bygningen låg delvis i ein bakke, like nedanfor/innanfor fylkesvegen. Det eksisterande bygg var kun 9 meter frå vegmidte, ein kunne sjå at det var kort avstand mellom vegmidte og bygningskroppen. Det var lite areal framfor bygningen og fram til vegbanen, til bruk for parkering og snuareal (Vedlegg 11)

Fylkesrådmannen meiner at ein må ha hovudfokus på trafikktryggleik. På strekningar som både vert nytta av bilistar og av «mjuke trafikantar» må dette omsynet veie tungt.

Den «øvre delen» av avkøyrsla låg delvis skjult av ein bakke, frå bygningen og opp til fylkesvegen. Her kan det vere vanskelig for andre trafikantar som køyrer ned fylkesvegen mot Sæbøvik sentrum, å få auge på bilar som køyrer ut av avkøyrsla. Det kan og vere vanskeleg å få god nok sikt for den som skal køyre ut frå eigedomen og på fylkesvegen. Fylkesrådmannen vil her leggje vekt på Rammeplanens punkt 12, Prinsipp ved handsaming av søknader om avkøyrslar. Her går det fram at: «*Avkøyrslar bør gjerast godt synlege frå hovudveg, spesielt for å unngå situasjonar med kraftig nedbremsing og fare for påkøyning bakfrå.*» Fv. 554 er på denne strekninga smal og i nedoverbakke. Dersom ein kjem ovanfrå, må nok bilar som er på fylkesvegen bremse ned, for å sjå bilar som køyrer ut på fylkesvegen. Etter å ha vore på staden, vurderer ein det slik at det er fare for påkjørsler bakfrå. Trafikkfarlege situasjonar kan oppstå. Dette talar imot å godkjenne bruk av denne avkøyrsla.

Det vert vist til at omsøkte avkjørselspunkt (Fv: 544 hp:3 km:0,690) ikkje oppfyller dei tekniske krava til utforming etter vegvesenet sine handbøker N 100 og V121. Handbok N100 Veg- og gateutforming er heimla i veglova § 13. Denne gir generelle rammer for utforming og standard av offentlege vegar. Krava i vegnormalen er minimumskrav og inneheld mellom anna krav til sikt i avkøyrsla, svingradius, helling/stigning og drenering. Handbok V121 omhandlar geometrisk utforming av veg- og gatekryss. Avkøyrsla skal brukast av personbil, og vil difor ha ein svingradius på 4 meter, Jfr. forskriftens punkt 3. Frisikt vert vurdert ut frå fartsnivået på fylkesvegen. Fartsgrensa er 30 km/t, frisikt skal målast frå vegkant og 3 meter inn i avkøyrsla. Her er det krav til 20 meter frisikt til begge sider i avkøyrsla. Ein kan ikkje sjå at krava til frisikt og svingradius er oppfylt her. Fylkesrådmannen legg vekt på at det er viktig med få, men gode avkjørsler langs fylkesvegnettet, som kan ivareta ein effektiv ferdsel og trafikktryggleik for framtida.

Tiltakshavar peikar på at ved å nytte eigedomen som bustad vil gje mindre trafikk til og frå eigedomen enn om den vert brukt til butikk. Dette er riktig. Men for at eigedomen skal kunne verte nytta som bolig, er det eit krav i handbøkene til Statens vegvesen N100 og V121 til parkeringsplassar til minimum 2 bilar pr. bueining, dvs 4 bilar dersom det vert bygd to leiligheiter på eigedomen. For å nytte deler av eksisterande bygg til garasje, må ein nytte store deler av etasjen for å få dette til.

Fylkesrådmannen vil og vise til Rammeplanens punkt 11, der det går fram at Fv. 554 er i haldningsklasse 2 (gul). Dette er ein streng haldningsklasse. Her går det mellom anna fram at: «*Godkjenning til utvida bruk av bustadavkøyrslar bør avgrensast. Godkjenning kan vurderast der avkøyrsla blir nytta av fleire.*» «*Talet på avkøyrslar til vegane må vere svært avgrensa. Dette gjeld og for driftsavkøyrslar.*» Fylkesrådmannen vil her vise til at Fv. 554 har ein ÅDT på 1800 og har mykje trafikk. Dette talar og mot å godkjenne omsøkte avkøyrslar.

Omsøkte byggeavstand frå eksisterande bygg er 9 meter frå midte til eksisterande fylkesveg. Det går fram i Rammeplanens punkt 11, at byggegrensen skal vere 50 meter.

Fylkesrådmannen viser elles til dei vurderingane som er gjort av Statens vegvesen i saka. Fylkesrådmannen legg i hovudsak vekt på trafikktryggleiken i denne saka, då avkøyrslar ikkje oppfyller dei tekniske normalkrav for avkøyrslar, og ein kan heler ikkje sjå at de er mogeleg å få dette til ut frå dei opplysningane som går fram av saka. Tiltaket må ha eit godkjent alternativ til adkomst og parkering. Det skal vera snuareal på eigen eigedom, slik at ein bil ikkje skal rygge inn eller ut på fylkesvegen. Her er potensiale for uheldige trafikale situasjonar ved inn- og utkøyning på fylkesveg 554 til stades.

Fylkesrådmannen finn på denne bakgrunn å rå til at klage frå Jarle Landa over Statens vegvesen Region vest sitt vedtak om å avslå søknad om avkøyrslar og dispensasjon frå byggegrense på Fv 554, Gnr. 193 Bnr. 33, Nedre Sæbø i Kvinnherad kommune, ikkje vert teken til følgje.